

AKUTTE SITUASJONAR

- **Ta kontakt med politiet. Fortel kva du har sett, og kvifor du er redd for nye overgrep**
- **Ta kontakt med overgrepsmottak eller legevakt ved mistanke om valdtekt**
- **Tilby den utsette hjelp til å komme i kontakt med Krisesenter Vest**



Alle har etter § 196 i Straffeloven plikt til å hindre at alvorlege straffbare handlingar skjer. Dette er ei individuell plikt som gjeld alle til ei kvar tid. Avverjeplikta går alltid føre lovpålagt teieplikt.

Avvergingsplikten - plikt.no



Vald handlar om meir enn å slå!

Telefonnummer - akutt hjelp
Politi: 112/02800
Barnevern: 900 63 350 (dagtid)/ 915 32 510 (utanom kontortid)
Legevakt: 116 117
Krisesenter Vest: 52 72 98 84
Overgrepsmottak: 469 29 130/52 73 20 00

BOKN KOMMUNE

Kva gjer du

VED MISTANKE OM VALD I NÆRE RELASJONAR?



SJÅ

- **Sår og blåmerke**
- **Brann- og kuttskadar**
- **Søvn- og etevanskar**
- **Endring i åtferd og/eller sinnstemning**
- **Sosial tilbaketrekking**
- **Redsel, uro, angst, forvirring**
- **Deprimert, sjølvmordstankar/- forsøk**
- **Hyppige legebesøk/sjukmeldingar**
- **Bruk av rusmiddel, auka etterspurnad etter medisinar**
- **Endring i økonomi, manglar eigedeler eller verdisaker**
- **Set seg imot innsyn i familien**

Vald kan ha mange ansikt, det handlar om meir enn å slå.



SPØR

Skap ein trygg situasjon slik at du kan spørje kva som har skjedd.

Start gjerne samtalen med:
Eg har lagt merke til at...

Beskriv det du ser:

- Du verkar sliten/sint/lei deg
- Eg ser at du har blåmerke på armen
- Det verkar som du er mykje borte frå jobb

Fortsett med:
Det gjeld kanskje ikkje deg, men mi erfaring er at mange som ikkje har det greitt heime kan få slike plager.

- Korleis er dette for deg?
- Kjenner du deg trygg heime?
- Korleis er det for borna dine?

Still opne spørsmål, unngå vurderingar av det som har skjedd.
Vis at du bryr deg og har tid til å lytte.

Avklar:
Korleis artar valden seg?
(fysisk, psykisk, seksuell, sosial kontroll, råderett over eigen økonomi, øydelegg ting du er glad i - sett dette i små «bobler» i ulike fargar?)

Kor alvorleg er valden?

- Beskriv kva som skjedde og kor tid
- Er du redd noko vil skje i framtida?
- Har du tidlegare fortalt andre om dette eller fått hjelp?

OBS! Kan barn/unge ha vore vitne til valden?

Risikofaktorar:
Samlivsbrot, tidlegare valdsepisodar, tap av ære, arbeidsløyse, økonomiske vanskar, sjukdom, rus, tilgang til våpen.

KVA GJER DU?

Skriv ned det du ser og det som blir fortalt så ordrett som mogeleg.

Send bekymringsmelding til barnevernet dersom det er barn/unge i husstanden. Å vere vitne til vald kan vere like skadeleg som sjølv å vere utsett.

Motiver vedkommande til å kontakte hjelpeapparatet. Tilby hjelp til å kontakte aktuelle instansar og vere med på møter.
Lag ein kriseplan for nye valdsepisodar dersom den valdsutsette ikkje ønskjer hjelp. Avtal nytt møte etter nokre dagar. Kva skal du gjere dersom du ikkje får kontakt?

Er du usikker på kva du skal gjere, kan du drøfte saka anonymt med krisesenter eller politi.
Tilsette i Bokn kommune skal informere leiar om bekymringa og lage ein plan for vidare handtering.

Krisesenter Vest IKS
Krisesenteret er eit tilbod til deg som er utsett for vald eller overgrep frå ein partnar, familie eller andre du har eit nært forhold til. Du treng ikkje å vera i akutt krise for å få hjelp på krisesenteret. Sentera tilbyr vern, tryggleik, råd og rettleiing til vaksne og barn.
Ta kontakt på telefon 52 72 98 84